

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Hønefoss, 25.11.2019

N.B.Vistad, tlf.90033113, nbjoer-v@online.no

REFERAT FRÅ STYREMØTE, 22.11.2019, kl.14.00-16.00

Quality Hotel Vøringfoss, Eidfjord

Til stades: Per Helge Sekse, Stein Verpe, Anve Myklatun, Johan Vaa, Robert Pedersen (vara), Odd Gunnar Vikan og Nils Bjørn Vistad (sekr.). Torgils Eide møtte i Fjelloppsynet. Ny kasserar, Unni Wetlesen, var til stades under møtet.

Sak 1. Reiseskjemagjennomgang

Rutinesak.

Sak 2. Fellesmøte på Skinnarbu, 13.-14.11.19

Orientering v/Johan Vaa

- ny forvaltingsplan for Hardangervidda
- neste ordførarmøte
- rapport frå FM
- «brukeranes hjørne», div. innspel/kommentarer
- info. om «for få» kalvar
- ørekyteobservasjon der denne arten ikkje skulle vera

Vedtak: *Til etterretning.*

Sak 3. Styremedlemmer i HG etter Hardangerfusjonen. Vedtektsendring

Styret har tidlegare fatta vedtak om at Ullensvang og Odda må dele det eine styremedlemmet og at samla styre blir å redusere til 6 stk. Samstundes var reist sak om også dette burde ha konsekvenser i høve Villreinutvalet. Saka skulle drøftas med Fjellstyra, men det vart under møtet klart at Fjellstyret ikkje hadde konkludert/realdrøfta dette.

Vedtak: *Det blir fremma sak på komande HG-årsmøte (utsett frå møtet i vår) om styret sitt fleirtallsvedtak, suplert med mindretalet sitt framlegg om fortsatt 7 medlemmer. Aktuell § 6, skal framgå med full endringstekst. Samansetjing i Villreinutvalet blir å halde fram inntil vidare.*

Sak 4. Reduksjonsavskyting hjort og elg i alle kommunar ikring Nordfjella

Det er drastisk vedtak om halvvering av bestandene i kommunane Eidfjord, Ulvik, Lærdal, Hemsedal, Ål, Hol, Gol, Nes, Nore og Uvdal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang. Halvvering på 2 år, med m.a. utvida jakttid (start 15.08 + heile januar).

Sekr. orienterte om høyringsvar frå Norges Skogeigarforbund (NSF). Tiltaket får betinga støtte, men ein undrar seg over at ikkje grunneigarorganisasjonane lokalt (jfr. dei mange driftsplanområdene) er kontakta/høyrd.

Ein har heller ikkje vurdert konsekvenser for nabokommunane til nevnte kommunar over, i høve grenseoverlappande bestander.

Vedtak: Til orientering.

Sak 5. Fokusområder

Dette er områder som er særleg viktige og sårbare for reinen og der dyra sine vandrings- og beitemoglegheiter er redusert eller øydelagt. Eit større prosjekt v/Villreinsenteret på Skinnarbu (v/lena Romtveit) arbeider med kartlegging av slike områder og vidare oppfølging.

Alt kartfesta områder og ytterlegare informasjon finn ein på www.villrein.no

Eit fellesmøte om saka blir avhalde på Geilo 25.-26.11.19.

Vedtak: Saka vart drøfta i styret. Nestleiar Stein Verpe møter på Geilomøtet og tar med seg synspunkta som kom opp i styremøtet.

Sak 6. Heimesida til HG

Det er avdekt at heimesida ikkje har vore oppdatert ei tid. Sekretær har sjekka opp saka og funne påstanden rett. Dette er fylgt opp med oppdatert stoff (referat, HG-nytt, namn, adresser) som er oversendt driftsansvarleg for sida. Heimesidas adresse:

www.hardangerviddagrunneigar.no

Vedtak: Saka er tatt til etterretning, og sekr. vil nå fylgje betre opp.

Sak 7. Anna

- Eventuelle restansar. Kasserar oversender liste til sekretær, som formidlar dette til respektive styremedlemmer.
- Johan opplyste at Villreinsenteret etterlyser rettare omtale av diverse villreinområder i Norge.

Nils Bjørn Vistad

sekr. i HG